# auherad




ga viser no, trur han.

**Sauherad**

For Sauherad sin del tykkjer Gulbrandsen tala er veldig klare.

– Det skal eit kraftig jordskjelv til om det skal endre seg, eg trur aldri me kan ha målt så feil, seier Gulbrandsen.

# – Mykje nyttig informasjon

**Rune Romnes har funne mykje informasjon om prosessen rundt kommunesamanslåing. Han er spesielt oppteken av kva det har å bety for skulen.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Ja, det har vore skrive mykje i avisene og informasjonsskriv har kome i posten. Det har vore nyttig lesestoff, seier Romnes.

*– Kva er viktigast for deg når du skal ta ei avgjerd om kva du skal stemme?*

– Det er at skulen får tilført nok ressursar, slik at ein ikkje får for store klassar, seier Romnes.

*– Kva for oppgåver som kommunen har er viktige for deg?*

– Det er skule og helse som er dei viktigaste tinga for meg. Spesielt skule, seier Romnes.

